



INNKALLING TIL ÅRSMØTE I VELLEDALEN NATURBARNEHAGE SA

26. APRIL 2017 PÅ VELLEDALEN GRENDAHUS KL. 19.00

SAKLISTE:

- 1.0 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 2.0 Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under møteboka.
- 3.1 Årsmelding 2016 frå styret
- 3.2 Årsrekneskap 2016 og dekking av årsunderskot
- 4.0 Orientering om budsjett 2017
- 5.0 Val
 - Styremedlemmar
 - Varamedlemmar
 - Styreleiar og nestleiar vert vald særskild
 - Valnemnd
- 6.0 Val av revisor
- 7.0 Godgjersle til styret
- 8.0 Godtgjersle til revisor

Saker ein ønskjer handsama på årsmøte må vere styret i hende innan 4. april 2017.

Velledalen, 21.03.2017

Lidvar-Andre Nilsen Styreleiar	Jorun L. Rausand Nestleiar	Lars Even Hatlemark Styremedlem
Cecilie W. Hole Styremedlem	Lene Hjellegjerde Styremedlem	Torild Hole Dagleg leiar



ÅRSMELDING 2016
FOR
VELLEDALEN NATURBARNEHAGE SA

Styret si samansetting:

Styret har hatt slik samansetting i 2016:

Styreleiar:	Lidvar-Andre Nilsen (rep. frå stiftingslag)
Nestleiar:	Jorun Landfastøyen Rausand (rep. frå foreldra)
Styremedlem:	Lars Even Hatlemark (rep. frå stiftingslag)
	Cecilie Wågsæther Hole (rep. frå foreldra)
	Lene Hjellegjerde (tilsett rep. frå SU)

Varamedlemmar:

Frå stiftingslag:

1. vara:	Håkon Fedt
2. vara:	Aina Holmberg

Frå foreldra:

1. vara:	Susann R. Osnes
2. vara:	Monica Hole Bjørneseth

Frå SU(tilsettrep):

1. vara:	Anita Mosby Nakken
2. vara:	Renate Martha Skjortnes

Styret har hatt 11 styremøter i 2016 og 10 styremøter i perioden mellom årsmøta.

Eigenarta til verksemda og kvar den vert driven:

Velledalen Naturbarnehage SA er ein privat barnehage. Barnehagen vart åpna 28. oktober 2009 i nye lokaler på Dalemyra i Velledalen. Velledalen Naturbarnehage SA er skipa som eit samvirkeføretak der stiftarane er lag og organisasjonar med tilknyting til Velledalen. Alle laga og organisasjonane har like store stiftingsinnskot.

Rettvisande oversikt over resultat og utvikling:

Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rettvisande bilet av utviklinga, resultat og stillinga til verksemda 7. ordinære driftsår.

Satsar for drift og kapital vedteke i kommunestyret i februar 2016 var slik:

Barn under 3 år:	kr. 189.565,-
Barn over 3 år:	kr. 91.445,-
Kapitaltilskot:	kr. 14.100,-



Antal barn i ulike aldersgrupper og plass-storleik desse har pr. 15.12.2015 danna grunnlag for utrekning av tilskot for 2016.

Det vart i revidert budsjett i august budsjettert med **eit underskot pålydande kr. 9.886,-**

Rekneskapen for 2016 er gjort opp med **eit underskot pålydande kr. 29.480,79**

Underskotet skriv seg i stor grad frå vedlikehald av uteområde og vedlikehald av bygningar.

Styret gjer framlegg om at underskotet vert dekka slik:

Overføring frå anna eigenkapital: **kr. -29.480,79**

ÅRSRESULTAT FOR 2016: **kr. -29.480,79**

Framleis drift:

Rekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad av framleis drift og vidareutvikling av barnehagen. Styret ser positivt på drifta framover. Verdiane i bygningar, tomt og driftstilslausøyre er store. Driftstilskotet frå Sykkylven kommune har auka jamnt og trutt. Barnehagen ser at det er særsviktig å ha fyllt opp maksimalt antal plassar pr. 15.12 for å kome best muleg ut med omsyn til driftstilskot. Barnehagen har med nøktern drift klart å bygge ein liten eigenkapital.

Likestilling:

Styret er sett saman av fem medlemmar, av desse er to menn. Ein av varamedlemmane er mann. Det vert arbeidd med å halde opp antal menn i styret. Alle dei tilsette ved barnehagen er kvinner. Det vert oppmoda om at menn søker på ledige stillingar i barnehagen.

Arbeidsmiljø:

Velledalen Naturbarnehage SA hadde 13 tilsette i 2016. Av desse 13 utgjer spes.ped assistent gjennom Sykkylven kommune 2 tilsette i totalt 140% stilling. Barnehagen har hatt spes.ped assistenter sidan 01.08.2016. Ved årsskiftet hadde barnehagen 11,33 årsverk. Sjukefråværet har i 2016 vore på 2,04%. Av dette utgjer eigenmelding og sjukmeldingar som ikkje refunderast 1,15 % og sjukmeldingar som vert refundert 0,89 %. Barnehagen har hatt bra tilgang på gode og stabile vikarar. Det vert arbeidd målretta gjennom barnehagen sitt HMS-system med sjukefråvær ved Velledalen Naturbarnehage SA. Barnehagen er IA-bedrift. Verneombod og dagleg leiar har delteke på IA-konferansen i Møre og Romsdal. Bedriftshelsetenesta i Sykkylven deltok på persoanlmøte i august 2016 vedrørande oppfølging av sjukefråvær.

Det ytre miljøet:

Styret meiner at barnehagen ikkje førureinar det ytre miljøet i vesentleg grad.



Litt om drifta i 2016:

Velledalen Naturbarnehage SA er godkjend for 35 plassar for barn mellom 0-5 år i hovudetasjen. I tillegg har vi godkjennung for 12 plassar for barn mellom 3-5 år oppe på loftsbasen Råna. Alle plassane har vore fylt opp i 2016. Barnehagen tok inn 4 barn i januar og februar 2016. På grunn av at dei ikkje var med på teljedato 15.12.15 fekk ikkje barnehagen tilskot for desse barna i 2016. Heile 5 av barna som starta på barnehagen dette barnehageåret valde å flytte over til sentrumsbarnehagar frå august 2016. Likevel klarte vi å fylle opp plassane våre til teljedato 15.12.2016.

Ein pedagogisk leiar og ein fagarbeidar har vore i fødselspermisjon i 2016. Frå august 2016 har barnehagen hatt god tilgang på barnehagelærarar. Dagleg leiar har gjennomført nasjonal leiarutdanning for styrarar i barnehagar og pedagogisk leiar Anita Mosby Nakken er snart ferdig utdanna PMTO terapuet (parent management training Oregon).

Årsplanen til barnehagen er utarbeidd på bakgrunn av at barnehagen nyttar «Snakkepakken året rundt» som utgangspunkt for årshjulet og arbeidet med Rammeplanen sine sju ulike fagområde.

Også i 2016 har barnehagen hatt tre økter i gymsalen på LL Velledalen grendahus. Ny husleigeavtale er framforhandla og møterommet på hjørneklasserommet er no teke i bruk. Berre gardiner/persiener manglar slik at møta vert litt meir skjerma for leikande skulebarn.

Våren 2016 inviterte vi foreldra til å kome med innspel til årsplanen for barnehagen. Vi inviterte foreldra til ein kveld der vi arbeidde med rammeplanen sine ulike fagområde i grupper. Gruppene kom med mange konstruktive innspel vedrørande aktivitetar og korleis vi kan vidareutvikle barnehagen vår. Innspela er teke med i årsplanen og dei ulike avdelingane sine årshjul.

I januar og februar har vi dette året starta med tilvenning for nokre barn som trengte barnehageplass. Alle avdelingar fekk nye barn som skulle bli kjende med barna som allereie gjekk på avdelinga og med oss vaksne.

I februar feira vi fastelavn og feitatysdag. Dei siste åra har vi på feitatysdag servert salta lammekjøt, rabbestappe og poteter. Dei aller fleste barna likar godt denne tradisjonsmaten. Karnevalet feirar vi i gymsalen og både vaksne og barn kler seg ut. Vi har ulike aktivitetar som til dømes maskelaging og ansiktsmåling, kasting av erteposar på blikkboksar, sette hale på grisen, limbo dansing og ikkje minst å slå hol på pinjataen. Vi markerer også morsdag med enkle morsdagskort.

Mars er tid for påskeførebuingar og foreldre og søsken vart inviterte til påskefrukost. Råna tok i tillegg turen til Fjellsætra for å få gå meir på ski. Barnehagen inviterte til «Endeleg Mandag» med inspirator og foredragshaldar Karin Fevaag Larsen. Ei kjekk kveldsøkt der latteren sat laust sjølv om innhaldet i foredraget var alvorleg nok.



April var ein god arbeidsmånad på barnehagen. Vi hadde studiedag 13. april, der stort sett alle barnehagane i kommunen var samla på Kulturhuset. Dei tilsette fekk innføring i Solid Start Sykkylven som er motorisk satsing i barnehagane. Kurshaldar var Anne Berg frå DMMH i Trondheim. Ho foreleste om korleis barn lærer med heile kroppen og kor viktig sansane og motoriske ferdigheter er for all læring. Gode tilbakemeldingar på kursdagen frå tilsette ved barnehagen.

Frå 1. mai og fram til 17. mai er rosarussen aktive på barnehagen. Russedåp og russeknutar er viktige aktivitetar for barna på Råna denne månaden. Dei andre barna øver seg også til 17. maifeiring på barnehagen. I år avslutta førskulegjengen med tur på kino på kulturhuset. Også Geita var på fleire utflukter denne våren. Tur til Trollskogen på Slettegjerde og fjøretur til Aure var kjekke og populære utflukter.

I mai og juni fekk også barna på barnehagen prøve orientering i regi av O-gruppa til Velledalen IL.

Før vi slutta av til ferien hadde vi sommarfest i regi av FAU og styret arrangerte Blåtur for personalet. Kjekke og vellukka arrangement begge to. I juni gjekk og barnehagen til innkjøp av sin eigen Gråtass-traktor. Denne vil bli stasjonert på barnehagen i løpet av 2017.

Oppstarten i august vart hektisk. For personalet vart det ein del kurs- og møtedagar i samband med oppstarten. Trass i stor aktivitet denne månaden gjekk oppstarten bra og det var kjekt å møte både nye barn og foreldre samt å treffe igjen dei som hadde gått på barnehagen tidlegare. Nytt av året var oppstart av Solid Start Sykkylven med ulike månadlege motoriske fokus. Målsettinga var å gjennomføre minimum tre økter med motorisk aktivitet gjennom veka. Dei tilsette peika ut tre superbrukarar som har fått vere med på superbrukarmøter i regi av kommunefysioterapeut Anita Vesterås og ergoterapeut i kommunen Tone Klakken. Superbrukarane er ansvarlege for å bringe tilbake kunnskap til resten av personalet på avdelingane. Det er og utarbeidd ein eigen idebank for barnehagetilsette der ein kan hente ut idear til aktivitetar. Her vert det og lagt ut fagstoff med tilknyting til dei ulike fokusområda.

I september reiste Råna på tur til Akvariet og Klippfiskakademiet i Ålesund. Her fekk dei lære om fisk og lage sin eigen lunsj. Eit kjempe opplegg som vert gjenteke til neste barnehageår. Råna var også på båttur med skipper Skjortnes. Her fekk barna prøve fiskelukka. Foreldra hadde også eit ønskje om at barna skulle få møte ulike kunstformer. I slutten av månaden drog avdeling Råna på besøk til Vik der Marit Helen Akslen og Heidi Josefson hadde laga eit opplegg for dagen. Her fekk barna høre om korleis Heidi og Marit Helen arbeider med biletkunsten sin. Barna fekk og prøve ulike teknikkar når dei sjølve skulle prøve seg som biletkunstnarar.

På bakgrunn av foreldra sitt ønskje om å halde fram med språkleiken BRAVO og utvide bruken av BRAVO -opplegget på barnehagen hadde vi kveldskurs for alle tilsette ved



barnehagen saman med Ikornnes FUS og to andre barnehagar henholdsvis frå Stranda og Langevåg.

Barnehagen hadde også tilsyn frå Sykkylven kommune der tema for tilsynet var barns medverknad, teieplikt og opplysningsplikt til barneverntenesta. Tilbakemeldinga frå tilsynsmynde var bra og barnehagen fekk ingen avvik. Som følgje av tilsynet vart eit eige kapittel vedrørande personvern lagt til i HMS-systemet vårt. Innskjerping på bildebruk og oppdaterte samtykke skjema er ei direkte følgje av tilsynet.

I september hadde vi også ein del dugnadsarbeid føre oss. Ikkje alt er slutført, men ikkje verre enn at vi rekk det våren 2017.

Oktober og kaldare dagar vart innleia med teaterframsyninga « Den gåtefulle vegen til det hemmelege stedet». Teateret handlar om sommarfugelen Nalle, marihøna Nille og kong Vinter. Teaterframsyningar er kjekt både for dei aller minste barna og dei eldste barna.

I haustferien kunne vi ta i bruk vår nye hjerteforma sykkelveg. For dette området har vi store planar som vil bli gjennomført i 2017. Vi lurte oss også til å nytte orienteringsløypa som Velledalen IL hadde laga for dei minste barna i haust. Å springe orientering er skikkeleg kjekt. Å finne postar og stemple rett symbol gir god mestringsfølelse. Barna på Geita og Råna fekk prøve seg på Groovy kid barneyoga. Dette er ein aktivitet som høver godt inn i motorikk opplegget Solid Start Sykkylven. Under kyndig vegleiinga av innleidt Groovy Kid yoga instruktør Sølvi Stave Goksøy fekk barna møte nye utfordringar og kjenne på mestingsgleda.

Også i år markerte vi FN dag og haust-takkefest i oktober. «Klare-sjølv» suppa frå opningsfesten i 2009 er blitt ein tradisjon. På haust-takkefesten sel barna «Kokosdrøm» og sjølvlaga kunstprosjekt til inntekt frå Lola Day Care v. May Britt Tynes. I løpet av året har barna samla inn heile kr. 4.061,- som May Britt Tynes fekk overrekt då ho kom på besøk til oss i november. På årets haust-takkefest hadde vi invitert ordførar Odd Jostein Drotninghaug. Han var imponert over barnehagen og barnehagebarna sitt engasjement for barna på Filippinane. Oppmøtet var stort av foreldre, søsken og litt besteforeldre og anna familie.

I oktober fekk vi også besøk av Svein Nakken i barnehagen. Han hadde teke med seg ein vaksen saud som han viste korleis han klipte ulla av. Anita viste oss korleis ulla vart sortert før den vert sendt til ullfabrikken for vasking og spinning til garn.

November og adventstid kom fort, og denne tida er ei veldig kjekk tid på barnehagen. Midt i november hadde barnehagen studiedag og tema for dagen var Lions sitt opplegg «Mitt val». Personalet leika seg gjennom aktivitetar som fremjar sosial kompetanse og vennskap. Geita og Råna har teke i bruk opplegget allereie, og opplegget vil bli lagt inn i årsplanen for 2017/2018. Renate Skjortnes, Ragnhild Strømme, Kristine Eliassen og Lene Hjellegjerde deltok på UT -konferansen i Oslo. Dette er ein konferanse som set fokus på uteliv i



barnehagane. Dei tilsette melde tilbake til resten av personalgruppa om tematikken på konferansen. Dagleg leiar deltok på to dagars barnehagekonferanse i region Midt-Norge i regi av Utdanningsdirektoratet vedrørande kvalitetsutvikling i barnehagen.

Barna laga sjølvsagt farsdagskort til farsdagen i november. I tillegg arrangerte vi adventsfrukost fredag før første søndag i advent. Alltid kjekt med slike arrangement når oppmøte frå foreldre og søskjen er så godt. Alle såg ut til å kose seg denne morgenokta. Vi har også felles adventssamlingar kvar måndag. Då syng vi adventssongen og tenner lys. Vi øver på julesongar og les frå adventsfortellinga vår. Gjennom adventstida har barna på kvar avdeling ein adventskalender. For kvar luke er det ein ny førjulskativitet som kjem fram.

I samarbeid med FAU hadde vi julefest 13. desember på grändahuset. Å slå julefesten saman med Luciafeiringa gir ei stemningsfull kveldsstund. Takk til dykk foreldre som stiller velvillig opp og ordnar til og ryddar etter festen. Også i år arrangerte vi Nissemarsj der Velledalen Montessoriskule er invitert til å delta. Nissen hadde vore på besøk i kosebua og sett frå seg både gløgg og mandariner til barnehagebarna og skuleungane.

Personale ved barnehagen har nytta delar av dei månadlege personalmøta til å gjennomføre språkløypa eit kompetanseløft for språk, lesing og skriving. Grunnskulen i Sykkylven kommune er med på prosjektet gjennom Sykkylven kommune som språkommune. Barnehagen har køyrt opplegget frå Universitetet i Stavanger frå september 2016. Prosjektet held fram i 2017.

Barnehagen melde seg inn i nettverk for gårds- og naturbarnehagar. Nettverket arbeider for å fremje særpreget til desse barnehagane.

Velledalen, 21.03.17

Lidvar-Andre Nilsen

Styreleiar

Jorun L. Rausand

Nestleiar

Lars Even Hatlemark

Styremedlem

Cecilie W. Hole

Styremedlem

Lene Hjellegjerde

Styremedlem

Torild Hole

dagleg leiar

Årsregnskap 2016
Velledalen Naturbarnehage SA

Resultatrekneskap

Velledalen Naturbarnehage SA

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2016	2015
Driftsinntekt		1 132 244	1 042 925
Tilskot		4 615 464	4 799 219
Anna inntekt		8 050	24 550
Sum driftsinntekter		<u>5 755 758</u>	<u>5 866 694</u>
Varekostnad		139 317	108 340
Lønskostnad	4	4 645 956	4 276 474
Avskrivning på varige driftsmiddel	2	253 047	237 958
Andre driftskostnader		697 198	619 528
Sum driftskostnader		<u>5 735 517</u>	<u>5 242 301</u>
Driftsresultat		<u>20 241</u>	<u>624 393</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt		15 202	14 656
Anna finansinntekt		1 867	1 690
Rentekostnad		66 791	89 775
Resultat av finanspostar		<u>-49 722</u>	<u>-73 429</u>
Ordinært resultat		<u>-29 481</u>	<u>550 963</u>
Årsoverskot/årsunderskot		<u>-29 481</u>	<u>550 963</u>
Overføring:			
Avsett til anna eigenkapital		0	550 963
Overført frå anna eigenkapital		29 481	0
Sum overføringer		<u>-29 481</u>	<u>550 963</u>

Balanse

Velledalen Naturbarnehage SA


Eigedelar	Note	2016	2015
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast egedom	2	3 755 800	3 605 537
Driftslausøyre, inventarog utstyr	2	269 500	313 500
Sum varige driftsmiddel		<u>4 025 300</u>	<u>3 919 037</u>
Sum anleggsmiddel		<u>4 025 300</u>	<u>3 919 037</u>
Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav		1 000	18 000
Andre kortsiktige krav		<u>421 178</u>	<u>364 205</u>
Sum krav		<u>422 178</u>	<u>382 205</u>
Bankinnskot og kontantar	6	2 026 087	2 130 701
Sum omløpsmiddel		<u>2 448 265</u>	<u>2 512 906</u>
Sum eigedelar		<u>6 473 565</u>	<u>6 431 943</u>

Balanse


Velledalen Naturbarnehage SA

	Note	2016	2015
Eigenkapital og gjeld			
Innskoten eigenkapital:			
Andelsinnskot	3	70 000	70 000
Sum innskoten eigenkapital	3	<u>70 000</u>	<u>70 000</u>
Opptent eigenkapital:			
Avsett gåvemidlar	7	31 000	31 000
Anna eigenkapital		1 371 251	1 400 732
Sum opptent eigenkapital		<u>1 402 251</u>	<u>1 431 732</u>
Sum eigenkapital		<u>1 472 251</u>	<u>1 501 732</u>
Gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	4 003 863	4 141 505
Sum anna langsigktig gjeld		<u>4 003 863</u>	<u>4 141 505</u>
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld		24 568	83 372
Skyldige offentlege avgifter		388 742	315 689
Anna kortsiktig gjeld		<u>584 140</u>	<u>389 644</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>997 451</u>	<u>788 706</u>
Sum gjeld		<u>5 001 314</u>	<u>4 930 211</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>6 473 565</u>	<u>6 431 943</u>

Velledalen, 21.03.2017
Styret i Velledalen Naturbarnehage SA


Lidvar Andre Nilsen
styreleiar


Jorun L. Rausand
nestleiar


Cecilie W. Hole
styremedlem


Lene Hjellegjerde
styremedlem


Lars Even Hatlemark
styremedlem


Torild Hole
dagleg leiar

Velledalen Naturbarnehage SA

NOTER TIL REKNESKAP FOR 2016

Note 1 - Rekneskapsprinsipp m.m.

Rekneskapet er gjort opp i samsvar med rekneskaplov og god rekneskapsskikk for små føretak.

Utestående krav er ført opp i balansen til pålydande. Ingen krav er vurdert som usikre.

Pensjonskostnad i året er normalt lik innbetalt premie, men for 2014 og 2015 viser kostnaden lavere jfr. merknad i note 4 . Eventuell forpliktning utover innbetalt premie er ikke berekna eller balanseført 31.12.2016 , jfr. god regnskapsskikk for små føretak.

Selskapet driv ikke skattepliktig verksemnd. Det er derfor ikke gjort avsetnader til skatt i rekneskapet.

Note 2 - Varige driftsmiddel

	Bygg/anlegg	Inventar/utstyr	Sum
Kostpris pr. 1.1.	4 398 636	957 746	5 356 382
Tilgong i år	245 264	114 047	359 311
Kostpris pr. 31.12.	4 643 900	1 071 793	5 715 693
Nedskr. med inv. tilskot	199 049		199 049
Akk. avskrivninger	689 051	802 293	1 491 344
Bokført verdi 31.12.	3 755 800	269 500	4 025 300
Avskrivning i år	95 000	158 047	253 047

Note 3 - Andelskapital

Andelsinnskot er gjort med totalt kr 70.000, delt på 7 andelar a kr 10.000.

Andelseigarar:

Tal på andelar:

Velledalen Grendahus	1
Velledalen Idrettslag	1
Velledalen Skulekorps	1
Velledalen og Ringen Fotball lag	1
Velledalen Ungdomslag	1
Velledalen i Balanse AS	1
Velledalen Helselag	1

Note 4 - Tilsette, lønn, ytingar til leiane personar m.m.

	2015	2016
Lønn	4 240 377	4 848 590
Arbeidsgiveravgift	548 103	607 324
Pensjonspremie 1*	-15 804	160 226
Andre ytingar	61 107	46 249
Tilskudd	-92 425	-453 729
Refusjoner	-464 884	-562 704
Sum	4 276 474	4 645 956
Tal på tilsette	12	13

1 * Pensjonskostnader 2015:

Velledalen Naturbarnehage SA sette av kr. 201.639,- i rekneskapen for 2013 og kr. 100.000

Velledalen Naturbørnehage SA

NOTER TIL REKNESKAP FOR 2016

i rekneskapen for 2014 for å i møtekomme eit etterslep i pensjonskostnad frå 2014.

Kostnadsauken vart ikkje så høg som anntatt.

Avsett kostnad i 2013 er tilbakeført i rekneskapen for 2014 og avsett kostnad i 2014 er
er tilbakeført i rekneskapen for 2015.

	2 015	2 016
Lønn og anna godgjersle til dagleg leiar	613 286	582 615
Styreonorar	0	0

Selskapet har ytelsesbasert pensjonsordning som tilfredstiller krav i lov om obligatorisk
tenestepensjon.

Det er kostnadsført honorar til revisor med kr. 23.500.

<u>Note 5 - Pantsettingar</u>	2 015	2 016
Gjeld med pant i egedelar utgjer	<u>4 141 505</u>	<u>4 003 863</u>
Bokført verdi pantstilte egedelar	<u>3 605 536</u>	<u>3 755 800</u>

Stipulert restgjeld langsiktige lån om 5 år er kr 3 336 900

Note 6 - Bundne midlar

Bankinnskot inkluderer bundne skattetrekksmidlar med kr. 193 496.

Note 7 - Gåvemidlar

Gåver mottatt og avsett	mottatt år	
Frå Sparebanken Møre	2009	20 000
Frå Sykkylven kommune	2009	1 000
Frå Sykkylvenhelselag	2012	10 000
Avsett gåvemidlar		<u>31 000</u>